

## Høyringsuttale – Kommunedelplan for skule 2014-2018

I høyringa til kommunedelplan for skule vil Utdanningsforbundet Lindås kome med følgjande merknader:

I innleiinga til høyringsutkastet står det at planen skal medverke til å sikre:

- Ein berekraftig kommuneøkonomi
- Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
- Ein stabil skulestruktur over tid

Vi ser det som positivt at planen skal medverke til å sikre ein stabil skulestruktur over tid, men registrerer at planen ikkje inneheld pedagogiske grunngevingar. Kommunen har sidan førre kommunedelplan skifta fokus frå økonomi og kvalitet til ein-sidedig fokus på økonomi.

Det som i denne kommunedelplanen til ein viss grad har med kvalitet å gjere, er «likeverdig skuletilbod», men det seiast lite om kva som ligg i dette, og ingenting om på kva nivå kvaliteten på tenestetilbodet skal liggje.

Lindås kommune har i fleire rundar kuttet i ressursane til skulane, både gjennom generelt nedtrekk i ressursane, og gjennom nedleggingar.

I høyringsutkastet står følgjande: «*Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, spesialundervisning og særskild språkopplæring. Rådmannen ynskjer ei drøfting av skulestruktur i lys av dette perspektivet.*»

I samband med tidlegare strukturendringar har ressursar til undervisning følgd med elevane, for at store klassar kunne ha delingstimar i einskilde fag, og for å kunne gje styrkingstimar til «gråsonenelevane». Stort sett har desse ressursane vore kortvarige. Difor kjenner vi i Utdanningsforbundet oss ikkje trygge på at dei endringane som no er foreslått i skulestrukturen, vil føre til mindre nedskjeringar i timetildelinga elles.

Utdanningsforbundet Lindås ser av ressurstildelinga for 2015/16 at dei samla ressursane til skulane ikkje går så mykje ned. Men, ei stor auke i spesialundervisning gjer at ressursane til ordinær undervisning går så kraftig ned at vi no meiner vi er på eit kritisk nivå.

Vi er overtydde om at auka i spesialundervisning kjem som eit resultat av kutt i grunnressursen til skulane gjennom fleire år, og for å kome ut av denne negative spiralen, må grunnressursen til ordinær undervisning aukast og ikkje kuttast. Dette er noko som politikarane må ta omsyn til anten dei gjer endringar i skulestrukturen eller ikkje.

### Ev. nybygg/utbygging/rehabilitering:

I høve Ostereidet ungdomsskulekrins så må framtidig utbygging/rehabilitering vere riktig dimensjonert i høve til både dagen og framtida sine behov. Ved nybygg må ein ta høgde for elevtalsauke, òg utover dei prognosane som ligg, og romma må ikkje vere for små.

Kommunen må ikkje nok ein gong enda opp med at ein skule blir for liten i løpet av kort tid. Dette har vi eksempel på både ved Knarvik ungdomsskule, Leiknes skule og Seim skule.

Fysiske tilhøve:

For dei som har sitt daglege virke i skulen, både elevar og tilsette, er dei fysiske tilhøva viktige. Det er trong for undervisningsrom av ulike slag; klasserom, grupperom og spesialrom. Det er viktig at det er nok rom, og at romma ikkje blir laga for små for å spare noen kroner. Det er òg trong for arbeidsrom og møterom for lærarane. Her må ein sjå kva Arbeidstilsynet skriv om kontorarbeidsplassar.

Uteområda ved skulane er også viktige. Her er det ikkje berre trong for ein «skuleplass» med leikeområde og ulike leikeapparat. Nærleik til naturområde er òg viktig. Mykje undervisning og aktivitet kan gå føre seg ute i naturen.

«Stabil skulestruktur over tid»

Fleire skular har gjennom år vore truga av nedlegging. Dette slit veldig på skulen og dei tilsette. Utdanningsforbundet Lindås håper at vi når denne runden er ferdig, vil få ro og stabile tilhøve rundt skulen i Lindås. Dette er eit viktig element for at skulen skal opplevast som ein god arbeidsplass og ein god stad for læring.

Utdanningsforbundet Lindås har fleire gongar tidlegare uttalt seg i skulestruktursaker. Det som står der er framleis aktuelt. Vi legg her ved uttale frå 15/10-09 og frå 12/2-13.

For styret i Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar